

Kommunen held fast på reguleringsplanen

09.04.2011



Bygging av nye hytter på Rabben har starta, men reguleringsplanen er uavklart. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Kommunen held fast på reguleringsplanen for turistanlegga i Uskedalen slik den no føreligg og forvaltningskomiteen skal handsama planen onsdag til veka.
Meklinga med Fylkesmannen tidlegare i vinter var resultatlaus.
Kommunen opprettheld campingområde C3 langs elva og tek dermed ikke motsegnar frå Fylkesmannen tilfølgje.
Planen kan difor ikkje eigengodkjennast og må sendast til departementet for stadfesting.**

Saksbehandlar Tormod Fossheim viser på vegne av rådmannen til at planen er eit resultat av samarbeid mellom 2 næringsdrivande som tidlegare har utvikla seg uavhengig av kvarandre og utan å samarbeide. På nokre tidspunkt har det også vore konflikt som har vore underlagt forliksbehandling. Prosessen og reguleringsplanen har oppretta eim balanse mellom dei. Hvis ein gjer endringar kan også samarbeidet verta skipa. Planen slik han no føreligger ein viktig faktor for vidareutvikling av Uskedalssamfunnet, held Fossheim fram.

Han meiner at dei negative konsekvensar for samfunn og miljø ikkje er vesentlege og at tiltak i form av campingvognar og plattingar er reversible.

Desse argumenta vart hevda sterkt under meklinga med Fylkesmannen utan at kommunen fekk gehør.

Fosheim kjem også inn på dei nye retningslinene for strandsona. Han minar om at Kvinnherad er komen i sone 3 der bruk av sona skal vera

Friare og med meir lokalt sjølstyre. Behovet for næringsutvikling og arbeidsplassar, til dømes satsing på reiseliv og turisme skal tilleggjast vekt. Desse omsyna skal vegjast opp mot allmenne interesser.

C3 er kunstig, bygd opp av fyllmassar og har små naturverdiar,

Campingvognar vil heller ikkje ha vesentlege konsekvensar for natur og biologisk mangfald. Allmenta forheld seg til campingvogner i dag og dette vil ikkje endra seg. I planen er det også presisert at området er ope for ålmena, Rådmannen meiner difor at nærings- og utviklingsinteressene for Uskedalen i det tilfellet veg tungt og at C3 vil vera i marginal konflikt med allmenne interesser.

Av Ola Matti Mathisen